

Rammeplan for barnehagen

→ innhold og
oppgåver

* Gjeld frå **01.08.17**

NB!

Du finn til ei kvar tid oppdatert
versjon av rammeplanen på
udir.no/rammeplan

Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver

Stortinget har i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven) fastsett overordna føresegner om innholdet i og oppgåvene til barnehagen, jf. §§ 1, 1a, 2, 3, 4 og 5. Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgåver (rammeplanen) fastset utfyllande føresegner om innholdet i og oppgåvene til barnehagen.



Rammeplanen trer i kraft 1. august 2017. Frå det same tidspunktet blir forskrift 1. mars 2006 nr. 266 om rammeplan for barnehagens innhold og oppgåver oppheva.

Heimel: Fastsett av Kunnskapsdepartementet 24. april 2017 med heimel i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven) § 2 sjuande ledd. Endra ved forskrift 8. mai 2017 nr. 588

Innhold

1. Verdigrunnet til barnehagen	7
Barn og barndom	8
Demokrati	8
Mangfald og gjensidig respekt	9
Likestilling og likeverd	10
Berekraftig utvikling	10
Livsmeistring og helse	11
Barnehagar med særlege formål	12
2. Ansvar og roller	15
Barnehageeigaren	15
Styraren	16
Pedagogisk leiar	16
3. Formålet med og innhaldet i barnehagen	19
Barnehagen skal vareta barnas behov for omsorg	19
Barnehagen skal vareta barnas behov for leik	20
Barnehagen skal fremje danning	21
Barnehagen skal fremje læring	22
Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap	22
Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk	23
Samiske barnehagar	24
Andre barnehagar med samiske barn	25
4. Barns medverknad	27
5. Samarbeid mellom heimen og barnehagen	29

6. Overgangar	33
Når barnet begynner i barnehagen	33
Overgangar i barnehagen	33
Overgangen mellom barnehage og skule	33
7. Barnehagen som pedagogisk verksemd	37
Planlegging	37
Årsplan	37
Vurdering	38
Dokumentasjon	39
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte	40
8. Arbeidsmåttane til barnehagen	43
Progresjon	44
Den digitale praksisen til barnehagen	44
9. Fagområda til barnehagen	47
Kommunikasjon, språk og tekst	47
Kropp, rørsle, mat og helse	49
Kunst, kultur og kreativitet	50
Natur, miljø og teknologi	52
Mengd, rom og form	53
Etikk, religion og filosofi	54
Nærmiljø og samfunn	55



1. Verdigrunnlaget til barnehagen

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.

Det går fram av barnehagelova § 1 at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet – verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane. Alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og i internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, slik som FN-konvensjonen av 20. november 1989 om rettane til barnet (barnekonvensjonen) og ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar (ILO-konvensjonen).

Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrsløse og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Noreg har, med bakgrunn i dei særlege rettane til urfolk, ei særleg plikt til å verne om interessene til samiske barn og foreldre, jf. Grunnlova § 108, barnekonvensjonen art. 30 og ILO-konvensjonen. Samiske barn i barnehage skal få støtte til å bevare og utvikle språket sitt, kunnskapen sin og kulturen sin uavhengig av kvar i landet dei bur.

Barn og barndom

Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og lek, er fundamentalt. Barnehagen er òg ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv.

Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. Det er eit overordna prinsipp som gjeld for all barnehageverksemd.

Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadene, men barn påverkar òg sitt eige liv. Barnehagen skal gi rom for barnas ulike føresetnader, perspektiv og erfaringar og bidra til at barna, i fellesskap med andre, utviklar eit positivt forhold til seg sjølve og tru på eigne evner. Barn skal møtast med empati og få høve til å vidareutvikle empati og evne til å tilgi.

Demokrati

Meir mangfald og individualisering gir behov for demokratiforståing, respekt for ulikskapar og positive haldningar til å leve saman i fellesskap. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av. Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrde

og delta. Alle barn skal kunne få oppleve demokratisk deltaking ved å bidra og medverke til innhaldet i barnehagen, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheiter. Barn i samiske barnehagar skal få høve til å bidra og medverke på sitt eige språk. Ulike meiningar og perspektiv skal få komme til uttrykk og vere utgangspunkt for utviklinga av barnehagen som demokratisk fellesskap. Barnehagen skal bidra til at barna får forståing for og sluttar opp om demokratiske verdiar og normer som ligg til grunn for det samfunnet vi har i dag. Åndsfridommen til barnet skal anerkjennast.

Mangfald og gjensidig respekt

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigheit og undring over likskapar og forskjellar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet.

Barnehagen skal bruke mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrkje og følgje opp barna ut frå dei kulturelle og individuelle føresetnadene. Barnehagen skal synleggjere variasjonar i verdiar, religion og livssyn. Det skal vere plass for ein åndeleg dimensjon i barnehagen som må brukast som utgangspunkt for dialog og respekt for mangfald.

Barnehagen skal leggje til rette for kulturmøte, gi rom for barna si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap. Barnehagen skal by på varierte impulsar, opplevingar og erfaringar og omfatte lokale, nasjonale og internasjonale perspektiv. Barnehagen skal synleggjere samisk kultur og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for det samiske mangfaldet. Barne-

hagen skal synleggjere eit mangfald i familieformer og sørge for at alle barn får spegla familien sin i barnehagen.

Likestilling og likeverd

Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.

Barnehagen skal byggje verksemda si på prinsippet om likestilling og ikkje-diskriminering og bidra til at barna møter og skaper eit likestilt samfunn. Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet må reflektere over sine eigne haldningar for best mogleg å kunne formidle og fremje likeverd og likestilling.

Berekraftig utvikling

Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.

Berekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag, får dekt dei grunnleggjande behova sine utan å øydeleggje framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov. Det handlar om å tenkje og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.

Barnehagen skal leggje grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal få erfaring med å gi omsorg og ta vare

på omgivnadene og naturen. For samiske barn betyr dette å leve i samklang med, nyttiggjere seg av og hauste av naturen.

Barna skal få naturopplevingar og bli kjende med mangfaldet i naturen, og barnehagen skal bidra til at barna opplever tilhøyrslse til naturen.

Livsmeistring og helse

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.

Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen.

Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.

Gjennom den daglege og nære kontakten med barna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barna. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette. Personalet skal kjenne til opplysningsplikta til barnevernet, jf. barnehagelova § 46.

Barnehagar med særlege formål

Alle barnehagar, uavhengig av eigarforhold, har plikt til å oppfylle barnehagen sitt formål slik det er beskrevet i barnehagelova § 1 og i rammeplanen.


Barnehagelova § 1 slår fast at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane. Barnehagelova § 1a gir private barnehagar høve til å bestemme at verdiane i formålsføresegna i barnehagelova ikkje skal vere forankra i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Den enkelte barnehagen kan derfor ha ein innfallsvinkel til formålsføresegna som samsvarer med anna religiøs eller filosofisk overtving.

Barnehagelova § 1a gir òg private barnehagar og barnehagar som er eigde eller drivne av trussamfunn i Den norske kyrkja, høve til å fastsetje særlege føresegner om livssynsformål som eit supplement til formålsføresegna. Føresegner om særlege formål skal fastsetjast i barnehagevedtektene. For barnehagar som fastset særlege føresegner om livssynsformål, skal det gå fram av vedtektene kva desse inneber.

Uavhengig av om barnehagen vel ein annan innfallsvinkel til formålsføresegna eller fastset særlege føresegner om livssynsformål, har barnehagen plikt til å verne om dei verdiane i formålsføresegna som er forankra i menneskerettane. Alle barnehagar, uavhengig av eigarforhold, har plikt til å drive barnehagen i samsvar med dette felles verdigrunnlaget: respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet.



Rettleiingsmateriell i tråd med rammeplanen
på udir.no/rammeplan



2. Ansvar og roller

Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen, skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i dei erfaringane og den kompetansen dei har. Dette kapittelet beskriv rollene til barnehageeigaren, styraren og den pedagogiske leiaren i barnehagen. Dette er dei nemningane som er brukte i barnehagelova.

Dei andre kapitla i rammeplanen inneheld plikter for barnehagepersonalet og omfattar alle som arbeider i barnehagen. Barnehagelærarar er den profesjonen som blir utdanna spesielt for å kunne utføre oppgåvene til barnehagen. Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. Dei skal sørgje for gode relasjonar mellom barna i gruppene, mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra.

Barnehageeigaren

Barnehageeigaren har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. barnehagelova § 7 første ledd. Barnehageeigaren har dermed juridisk ansvar for kvaliteten på barnehagetilbodet.

For å kunne gi eit barnehagetilbod av god kvalitet trengst det eit kompetent pedagogisk personale. Det er derfor ein føresetnad at barnehageeigaren legg vekt på dei faglege og pedagogiske vurderingane til dei tilsette i styringa.

Barnehageeigaren kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold, jf. barnehage-
lova § 2 åttande ledd. Den lokale tilpassinga bør gå fram av vedtektene til
barnehagen.

Styraren

Styraren er gitt det daglege ansvaret i barnehagen – pedagogisk, personal-
messig og administrativt. Styraren skal sørge for at det pedagogiske arbeidet
er i tråd med barnehagelova og rammeplanen, og at personalet utviklar ei
felles forståing for oppdraget som er gitt i desse. Styraren skal sørge for at
personalet får ta i bruk kompetansen sin. Ein føresetnad for ei forsvarleg
pedagogisk og administrativ leiing er eit godt samarbeid med barnehage-
eigaren, dei pedagogiske leiarane i barnehagen og barnehagepersonalet
elles. Styraren leier og følgjer opp arbeidet med å planleggje, dokumentere,
vurdere og utvikle innhaldet i og arbeidsmåtane til barnehagen og sørger
for å involvere heile personalgruppa.

Styraren skal sikre at barnehagen har innarbeidd gode rutinar for å sam-
arbeide med relevante institusjonar, slik som skulen, helsestasjonen, den
pedagogisk-psykologiske tenesta og barnevernet.

Pedagogisk leiar

Den pedagogiske leiaren er gitt ansvaret for å setje i verk og leie det peda-
gogiske arbeidet i tråd med godt fagleg skjønn. Den pedagogiske leiaren
skal rettleie og sørge for at barnehagelova og rammeplanen blir oppfylte
gjennom det pedagogiske arbeidet. Den pedagogiske leiaren leier arbeidet
med å planleggje, gjennomføre, dokumentere, vurdere og utvikle arbeidet
i barnegruppa eller innanfor dei områda han/ho er sett til å leie.



Rettleiingsmateriell i tråd med rammeplanen
på udir.no/rammeplan



3.

Formålet med og innhaldet i barnehagen

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. I samiske barnehagar skal dette arbeidet byggje på samisk språk, kultur og tradisjonskunnskap. Barnehagen skal vere ein kulturarena der barna er medskaparar av sin eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede.

Det fysiske miljøet i barnehagen skal vere trygt og utfordrande og gi barna allsidige rørsleerfaringar. Personalet skal utforme det fysiske miljøet slik at alle barn får høve til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar, og slik at leiker og materiell er tilgjengelege for barna.

Barnehagen skal vareta barnas behov for omsorg

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna.

Personalet skal

- bidra til å dekkje barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behovet for ro og kvile
- leggje til rette for at barna kan knyte seg til personalet og til kvarandre
- sørge for at alle barn trivst, føler seg trygge og føler tilhøyrslø i barnehagen
- møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn
- vere lydhøyre for kva barna uttrykkjer, og prøve å oppfylle behovet deira for omsorg på ein god måte
- støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølve å kunne ta imot omsorg
- bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølve og andre

Barnehagen skal vareta barnas behov for leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.

Personalet skal

- organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik
- bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for utvikling av leiketema
- fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik
- observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine premisser
- rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster

- vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken
- ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken

Barnehagen skal fremje danning

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhørsla til samfunnet, naturen og kulturen.

I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med og sørge for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.

Personalet skal

- leggje til rette for meningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna
- støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet
- synleggjere og verdsetje ulike behov, meiningar og perspektiv i fellesskapet
- leggje merke til, anerkjenne og følgje opp barnas perspektiv og handlingar
- utfordre tenkinga til barna og invitere dei inn i utforskande samtalar
- synleggjere og framheve mangfald og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring

Barnehagen skal fremje læring

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring.

Personalet skal

- sørge for eit inkluderande fellesskap og leggje til rette for at barn kan bidra i eiga og andre si læring
- leggje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hos barna
- vere merksame på interessene og engasjementet til barna og leggje til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar
- støtte og bidra til barnas initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet, læringslyst og tiltru til egne evner
- utvide barnas erfaringar og sørge for progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen
- støtte barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skape forståing og meining saman med dei
- sørge for at alle barn kan få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar

Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barne-

hagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.

Personalet skal

- støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner
- samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap
- støtte barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over egne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar
- støtte barna i å setje egne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar
- førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster

Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling. I barnehagar for samiske barn i samiske distrikt skal barnehagen fremje den samiskspråklege kompetansen til barna.

Personalet skal

- anerkjenne og respondere på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka til barna og støtte språkutviklinga deira

- stimulere den verbale og ikkje-verbale kommunikasjonen til barna og leggje til rette for at alle barn blir involverte i samspel og samtalar
- sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler
- vere bevisste på rolla som språkleg førebilete og vere lydhøyre i kommunikasjon med alle barn
- følgje med på kommunikasjonen og språket til barna og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har sein språkutvikling
- bidra til at språkleg mangfald blir noko positivt for heile barnegruppa, støtte fleispråklege barn i å bruke morsmålet sitt og samtidig aktivt fremje og utvikle den norsk-/samiskspråklege kompetansen til barna

Samiske barnehagar

Samiske barnehagar skal fremje den samiskspråklege kompetansen, styrkje den samiske identiteten og vidareføre dei samiske verdiane, den samiske kulturen og den samiske tradisjonskunnskapen. I samiske barnehagar er samisk hovudspråket. Barnehageeigaren skal vedtektsfeste at barnehagen har som formål å styrkje barnas identitet i eit barnehagemiljø med samisk språk og samisk kultur. Barnehagetilbodet skal vere ein integrert del av det samiske samfunnet. Det er ein føresetnad at personalet kan samisk og har kunnskap om samisk kultur.



Samiske barnehagar skal bidra til å ta vare på og vidareutvikle den samiske kulturarven og synleggjere samisk språk og kultur og samiske levemåtar og verdiar i dag. Barnehagen skal bidra til at barna kan bli kjende med mangfaldet i sin eigen og andre sin kultur, og til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for heile det samiske mangfaldet.

Samiske barnehagar skal ta i bruk tradisjonelle lærings- og arbeidsmetodar, på barna sine premisser i vår tid. Barnehagen skal gi barna høve til å delta aktivt i tradisjonelle aktivitetar der personalet gir rettleiing og slik hjelper barna til å bli sjølvstendige. Barnehagen skal byggje på ei samisk forståing av naturen og bidra til at barna kan leve i harmoni med naturen, nyttiggjere seg og hauste av naturen og utvikle respekt for naturfenomen. Samisk historie og kulturytringar som duodji, joik og forteljingar skal inngå som ein del av barnehageinnhaldet, tilpassa alderen og utviklingsnivået til barna. Rammeplanen sine føringar for samiske barnehagar gjeld tilsvarande for samiske avdelingar i andre barnehagar.

Kommunen har ansvar for at barnehage tilbudet til samiske barn i samiske distrikt byggjer på samisk språk og kultur.

Andre barnehagar med samiske barn

Samiske barn i barnehage skal få støtte til å ta vare på og utvikle språket sitt, kunnskapen sin og kulturen sin uavhengig av kvar i landet dei bur. Innhaldet i barnehage tilbudet til samiske barn utanfor samiske distrikt skal tilpassast den samiske bakgrunnen til barna. Det inneber at samiske barn og foreldre har rett til å forvente at personalet har kjennskap til, og legg vekt på, at også den samiske kulturen skal vere ein del av innhaldet i barnehagen. Det skal leggjast til rette for at barna òg kan få møte samisk språk.



4.

Barns medverknad

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen.

Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine eigne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn.

Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.



5.

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Nemningane «hjemmet» og «foreldrene» omfattar òg andre føresette. Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova §§ 1 og 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. På individnivå skal barnehagen leggje til rette for at foreldra og barnehagen med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytte til helsa, trivselen, erfaringane, utviklinga og læringa til det enkelte barnet. Barnehagen skal grunnngi vurderingane sine overfor foreldra og ta omsyn til kva foreldra meiner. Samarbeidet skal sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Både foreldra og personalet må ta inn over seg at barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte. Barnehagen må arbeide for at barnet ikkje skal komme i lojalitetskonflikt mellom heimen og barnehagen.

Intensjonen med foreldreråd og samarbeidsutval er at desse ordningane skal gi høve til å vareta foreldra sin kontakt med barnehagen på ein aktiv måte. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal få inn saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Foreldrerådet må samtykkje dersom foreldrebetalinga skal setjast høgare enn den fastsette maksimalgrensa.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet skal få inn saker som er viktige for innhaldet i og verksemda til barnehagen og for forholdet til foreldra. Samarbeidsutvalet skal fastsetje årsplanen til barnehagen. Andre viktige saker er til dømes forslag til budsjett eller driftsendringar.



Rettleiingsmateriell i tråd med rammeplanen på udir.no/rammeplan



6. Overgangar

Når barnet begynner i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.

Overgangar i barnehagen


Det skjer overgangar i barnehagen òg. Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.

Overgangen mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.

Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap

og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.



7.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunnigitt i barnehagelova og rammeplanen.

Planlegging

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangpunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.

Planlegginga må vere basert på kunnskap om trivselen til barn og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Ho skal òg vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

Årsplan

Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen

er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndigheitsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.

Styraren skal leie prosessen med å utarbeide årsplanen. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis. Årsplanen skal mellom anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjerast. Ein skal synleggjere korleis medverknaden frå barn og foreldre blir teken inn i planleggingsarbeidet, og korleis barnehagen vurderer det pedagogiske arbeidet sitt. Det skal òg komme fram korleis barnehagen arbeider med tilvenjing av nye barn og sikrar samarbeid og samanheng med skulen.

I samiske barnehagar skal årsplanen byggje på den samiske årstidskalenderen. Årsplanen skal vise korleis barnehagen knyter det pedagogiske arbeidet til årets gang og endringane i naturen.

Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjonar over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. Det kan òg bidra til ein open diskusjon om formålet med, innhaldet i og oppgåvene

til barnehagen. Faglege og etiske problemstillingar skal inngå i vurderingsarbeidet. På denne måten kan personalet lære av eigen praksis og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd.

Kunnskap om trivselen og den allsidige utviklinga i barnegruppa og blant enkeltbarn er viktig for å gi alle barn eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Trivselen og den allsidige utviklinga til barnet skal derfor observerast og vurderast fortløpande, med utgangspunkt i dei individuelle føresetnadene til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget.

Dokumentasjon

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.

Vurderingar av trivselen og den allsidige utviklinga til barnegruppa og enkeltbarn skal dokumenterast når det er nødvendig for å gi eit tilrettelagt tilbod. Det kan gi grunnlag for å tilpasse og vidareutvikle det pedagogiske arbeidet.

Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Eit etisk perspektiv skal derfor liggje til grunn ved dokumentasjon av barnegruppa og enkeltbarn. Personopplysningar skal behandlast i samsvar med personopplysningslova. Behandling av personopplysningar vil seie all innsamling, registrering, samanstilling, lagring og utlevering av opplysningar og vurderingar som kan knytast til ein enkeltperson. Dersom barnehagen skal utlevere personopplysningar om barnet til andre instansar og det ikkje ligg føre nokon

lovheimel, må foreldra samtykkje til det. Kravet om samtykke frå foreldra gjeld til dømes ikkje i tilfelle der personalet deler personopplysningar med barnevernet for å oppfylle opplysningsplikta i barnehagelova § 46.

Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om eigne barn og til å få sletta eller korrigert opplysningar som er feilaktige eller misvisande.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Tilrettelegginga skal vurderast undervegs og justerast i tråd med behova og utviklinga til barnet.

Inkludering i barnehagen handlar òg om å leggje til rette for sosial deltaking. Innhaldet i barnehagen må formidlast på ein måte som gjer at ulike barn kan delta ut frå eigne behov og føresetnader. Den viktigaste sosialiseringarenaen i barnehagen er leiken. For enkelte barn kan tidleg innsats innebære at personalet arbeider særleg målretta og systematisk – i kortare eller lengre periodar – med å inkludere barnet i meningsfulle fellesskap.

Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.

Barnehagen skal sørge for at barn som får spesialpedagogisk hjelp, blir inkluderte i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet.



8.

Arbeidsmåtane til barnehagen

Arbeidsmåtane skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtane skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. Val av arbeidsmåtar opnar for å gjere innhaldet i barnehagen spennande og variert. Arbeidsmåtane kan bidra til å skape engasjement, interesse og motivasjon og gir rom for å tilføre nye erfaringar og opplevingar i barnehagen.

Personalet skal

- ta utgangspunkt i barna sine erfaringar, interesser, synspunkt og initiativ i det daglege arbeidet i barnehagen og ved val og gjennomføring av tema og prosjekt
- byggje på kreativitet og leik og vere opne for improvisasjon og medverknad frå barna
- veksle mellom spontane og planlagde aktivitetar
- stimulere barnas undring og evne til å stille spørsmål, søkje opplevingar, ta initiativ og meistre nye ting
- gi barna varierte inntrykk og høve til å uttrykkje seg på forskjellige måtar
- arbeide tverrfagleg og heilskapleg og sjå dei ulike delane i rammeplanen i samanheng
- inkludere nærmiljø og lokale forhold ved planlegging og gjennomføring av aktivitetar
- jamleg vurdere om val av arbeidsmåtar bidreg til å realisere rammeplanen

Progresjon

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring. Personalet skal utvide og byggje vidare på barnas interesser og gi barna varierte erfaringar og opplevingar. Barnehagen skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine.

Personalet skal

- oppdage, følgje opp og utvide det barna alt er opptekne av
- planleggje og leggje til rette for progresjon i barnehageinnhaldet for alle barn
- bidra til at barna får meistringsopplevingar, samtidig som dei har noko å strekkje seg etter
- leggje til rette for fordjuping, attkjenning og gjentakning i innhaldet og arbeidsmåtene til barnehagen
- introdusere nye perspektiv og leggje til rette for nye opplevingar og erfaringar
- sørge for progresjon gjennom bevisst bruk av materiale, bøker, leiker, verktoy og utstyr – og gjere desse tilgjengelege for barna


Den digitale praksisen til barnehagen

Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktoy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. I samband med bruk av digitale verktoy skal personalet vere aktive saman med barna. Samtidig skal digitale verktoy brukast med omhu og ikkje dominere som arbeidsmåte. Barne-

hagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utviklar ei gryande etisk forståing knytt til digitale medium.

Personalet skal

- utøve digital dømmekraft når det gjeld informasjonssøk, ha eit bevisst forhold til opphavsrett og kjeldekritikk og verne om personvernet til barna
- leggje til rette for at barn utforskar, leiker, lærer og sjølve skaper noko gjennom digitale uttrykksformer
- vurdere om mediebruken er relevant og eigna, og delta i mediebruken til barna
- utforske kreativ og skapande bruk av digitale verktøy saman med barna



9. **Fagområda til barnehagen**

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. I samiske barnehagar skal arbeidet med fagområda ta utgangspunkt i samisk språk, kultur og tradisjonskunnskap.

Verdigrunnlaget til og formålet med barnehagen skal gi retning for og prege arbeidet med fagområda, og barna sin rett til medverknad skal varetakast. Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av kvardagen til barna. Barna si interesse for fagområda skal stimulerast, og barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meiningar. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Barnehagen skal bruke ulikt materiell og utstyr, teknologi og digitale verktøy, spel, bøker og musikk i arbeidet med fagområda. Fagområda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen.

Kommunikasjon, språk og tekst

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av

kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforsking av både munnlege språk og skriftspråk.

Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna

- uttrykkjer kjensler, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måtar
- bruker språk til å skape relasjonar og delta i leik, og som reiskap til å løyse konflikhtar
- vidareutviklar omgrepsforståinga og bruker eit variert ordforråd
- leiker, improviserer og eksperimenterer med rim, rytme, lydar og ord
- møter eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer
- opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale
- utforskar og gjer seg erfaringar med ulike skriftspråklege uttrykk, til dømes leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese- og skriveaktivitetar

Personalet skal

- skape eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre
- synleggjere språkleg og kulturelt mangfald, støtte barna sine ulike kulturelle uttrykk og identitetar og fremje mangfald i kommunikasjon, språk og andre uttrykksformer
- invitere til ulike typar samtalar der barna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål
- oppmuntre barna til å fabulere og leike med språk, lyd, rim og rytme
- støtte barna i leiken med og utforskinga av skriftspråket

- bruke varierte formidlingsformer og tilby eit mangfald av bøker, songar, bilete og uttrykksformer
- inkludere alle barna i språkstimulerande aktivitetar

Kropp, rørsle, mat og helse

Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå egne føresetnader. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine egne og andre sine grenser.

Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom medverknad i mat- og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.

Gjennom arbeid med kropp, rørsle, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna

- opplever trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt
- blir kjende med egne behov, får kjennskap til menneskekroppen og utviklar gode vanar for hygiene og eit variert kosthald
- vidareutviklar motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar
- opplever å vurdere og meistre risikofylt leik gjennom kroppslege utfordringar
- blir trygge på eigen kropp, får ei positiv oppfatning av seg sjølve og blir kjende med sine egne kjensler

- set grenser for sin eigen kropp og respekterer andre sine grenser
- får innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og veggen frå mat til måltid

Personalet skal

- vere aktive og nærverande, støtte og utfordre barna til variert kroppsleg leik og anerkjenne barnets meistring
- bidra til at barna kan tileigne seg gode vanar, haldningar og kunnskapar om kost, hygiene, aktivitet og kvile
- gi barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet
- bidra til at barna utviklar eit bevisst forhold til retten til å bestemme over eigen kropp og respekt for andre sine grenser
- leggje til rette for at måltid og matlaging bidreg til måltidsglede, deltaking, samtalar og fellesskapskjensle hos barna
- kjenne og praktisere nasjonale føringar for helsefremjande og førebyggjande tiltak som gjeld barn

Kunst, kultur og kreativitet

Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrsløse, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrsløse og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. Fagområdet tek for seg uttrykksformer som biletkunst og kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring,

undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering. Barnehagen må leggje til rette for og vidareutvikle dei kreative prosessane og uttrykka til barna.

Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barna

- har tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske uttrykksformene
- bruker fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- får arbeide med inntrykk og kjensler i møte med kunst, kultur og estetikk gjennom skapande verksemd ute og inne
- møter eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttrykksformer og utforskar og deltek i kunst- og kulturopplevingar saman med andre
- bruker ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk
- kjenner seg glade og stolte over si eiga kulturelle tilhørslse

Personalet skal

- samtale med barna om deira egne og andre sine kunstnariske og kulturelle uttrykk
- gi rom for, støtte og styrkje barnas bearbeiding av møte med kunst og kultur
- vere lydhøyre, anerkjenne og respektere barns eigen tradisjonskultur og barnekultur
- vere lyttande og merksame på dei ulike kulturelle uttrykka til barna, vise respekt for ytringsformene deira og fremje lysta til å gå vidare med å utforske dei estetiske områda
- motivere barna til å uttrykkje seg gjennom musikk, dans, drama og anna skapande verksemd og la dei få utvikle varierte uttrykksformer
- synleggjere og skape estetiske dimensjonar i inne- og uteromma i barnehagen
- gi barna høve til å bli kjende med eit mangfald av tradisjonar og kunst- og kulturuttrykk frå fortid og samtid
- bidra til at kulturelt mangfald blir til glede for heile barnegruppa

Natur, miljø og teknologi

Opplevelingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.

Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitskapelege fenomen, føle tilhøyrse til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar.

Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna

- får oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen
- får gode friluftslivopplevingar året rundt
- får oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover
- får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen
- får kunnskap om dyr og dyreliv
- lagar konstruksjonar av ulikt materiale og utforskar kva moglegheiter reiskapar og teknologi kan by på
- får kjennskap til livssyklusen til mennesket

Personalet skal

- leggje til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring
- gi barna tid og høve til å stille spørsmål, reflektere og lage eigne forklaringar på problemstillingar og til å delta i samtalar om det dei har erfart og opplevd

- synleggjere naturfenomen og reflektere saman med barna om samanhengar i naturen
- utforske og eksperimentere med teknologi og naturfenomen saman med barna

Mengd, rom og form

Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing.

Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling. Det handlar òg om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysingar.

Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barnehagen bidra til at barna

- oppdagar og undrar seg over matematiske samanhengar
- utviklar forståing for grunnleggjande matematiske omgrep
- leiker og eksperimenterer med tal, mengd og teljing og får erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på
- erfarer og samanliknar storleikar i omgivnadene
- bruker kroppen og sansane for å utvikle romforståing
- undersøker og kjenner igjen eigenskapar ved former og sorterar dei på forskjellige måtar
- undersøker og får erfaring med å løyse matematiske problem og opplever glede ved matematikk

Personalet skal

- bruke matematiske omgrep reflektert og aktivt i kvardagen
- bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leiker og utstyr for å inspirere barna til å tenkje matematisk
- gjere barna meir nysgjerrige og styrkje matematikkglede og interessa for matematiske samanhengar med utgangspunkt i uttrykksformene til barna
- leggje til rette for matematiske erfaringar gjennom å bidra med matematiske idear og utdjupande samtalar i leik og kvardag
- stimulere og støtte barnas evne til problemløysing og hjelpe dei til å vere uthaldande

Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.

Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna

- får kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen

- utforskar og undrar seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål
- får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggjande normer og verdier
- får forståing for at det finst mange ulike måtar å forstå ting på og leve saman på
- utviklar interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likskapar og ulikskapar i eit fellesskap

Personalet skal

- formidle forteljingar og skape rom for barnas opplevingar, samtalar, erfaringar og tankar om religion, livssyn, etikk og eksistensielle tema
- utforske og undre seg over eksistensielle, etiske, religiøse, livssynsmessige og filosofiske spørsmål saman med barna
- bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhøyrse
- gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen
- samtale med barna om religiøse og kulturelle uttrykk og vere bevisste på korleis deira eiga deltaking kan støtte og utvide tenkinga til barna
- identifisere verdikonfliktar i kvardagen, reflektere over verdiprioriteringar og haldningar og ha eit bevisst forhold til korleis desse kjem til uttrykk i arbeidet med barna

Nærmiljø og samfunn

Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.

Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrse til nær-

miljøet. Kulturelt mangfold, ulike levemåtar og forskjellige familieformer er ein del av fagområdet. Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få gryande kjennskap til menneskerettane.

Fagområdet skal omfatte kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon og kjennskap til nasjonale minoritetar. Grupper med langvarig tilknytning til eit land er definerte som nasjonale minoritetar. I Noreg er kvenar/norskfinnar, jødar, skogfinnar, romar og romanifolk/taterar nasjonale minoritetar.

Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna

- blir oppmuntra til å medverke i eigen kvardag og utviklar tillit til samfunnsdeltaking
- erfarer at alle får utfordringar og like høve til å delta
- utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt
- blir kjende med lokalthistorie og lokale tradisjonar
- blir kjende med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer
- blir kjende med at samane er Noregs urfolk, og får kjennskap til samisk kultur
- får kjennskap til nasjonale minoritetar

Personalet skal

- sørge for at barna erfarer at vala og handlingane deira kan påverke situasjonen både for dei sjølve og for andre
- introdusere barna for personar, stader og samfunnsinstitusjonar i nærmiljøet for å skape tilhøyrslø og hjelpe barna med å orientere seg og ferdast trygt
- gi barna like moglegheiter, fremje likestilling og motverke diskriminering, fordommar, stereotypiar og rasisme
- gi barna forståing for at samfunnet er i endring, og at dei er ein del av ein historisk, notidig og framtidig samanheng
- gjere barna kjende med samisk kultur og levesett og knyte det samiske perspektivet til merkedagar og kvardagsliv, kunst og kultur og mat-tradisjonar
- gi barna gryande kjennskap til kor viktige menneskerettane er, særleg barnekonvensjonen



Rettleiingsmateriell i tråd med rammeplanen
på **udir.no/rammeplan**

A large white rectangular area containing 20 horizontal blue lines, serving as a writing or notes section. The lines are evenly spaced and extend across the width of the white area.

A large white rectangular area is centered on the page, containing 20 horizontal red lines. The lines are evenly spaced and extend across the width of the white area, providing a guide for handwriting or text entry.

A large white rectangular area containing 24 horizontal lines, intended for notes or a transcript.

Design:

Creuna

Trykk:

07 Media

Opplag bokmål, nynorsk og samisk:

100 000

Utgjeve av Utdanningsdirektoratet 2017